



# VANG KOMMUNE

Rådmannskontoret

Det Kongelige Kommunal- og regionaldepartementet  
Valdreskommunane

Dykkar ref.:

Vår ref.:

TVEANN - 10/4315

Arkiv:

026

Vår dato:

22.09.2010

## Høyring om framlegg til lovfesting av samkommunemodellen

Vedlagt følgjer kopi av vedtak i Vang kommunestyre.

Med helsing

Anne Kari Tveit Søndrol  
Saksbehandlar  
Dir. tlf.: 61368530  
E-mail:anne-kari.sondrol@vang.kommune.no

Side 1 av 4

# **SAKSFRAMLEGG**

## **UTVALGSSAK**

<b>Behandla av</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr.</b>	<b>Saksansvarleg</b>
Kommunestyret	16.09.2010	033/10	THUREI

<b>ArkivsakID</b>	<b>JournalID</b>	<b>ArkivID</b>	<b>Saksbehandler</b>
10/302	10/4126	026	Aslag Lajord

### **Høyring om framlegg til lovfesting av samkommunemodellen**

#### **Saksopplysningar**

Kommunal- og regionaldepartementet har 26.4.2010 sendt ut høyringsnotat om framlegg til lovfesting av samkommunemodellen. Etter forlenging er høyringsfristen sett til 1.10.2010.

Spørsmål om samkommune vart m a drøfta på ordførar- og rådmannsmøte 5.5.2010, som del av ei vidare vurdering av det framtidige interkommunale samarbeidet i Valdres. Saka vart også drøfta i formannskapet 10.6.2010 (sak 038/10). Her synest hovudfokus å ha vore på det interkommunale samarbeidet og mogeleg bruk av samkommunemodellen i Valdres.

I denne saka er det lagt opp til å gje fråsegn i høyringa. Om ein seinare vil vurdere å ta ein slik modell i bruk i Valdres er eit anna spørsmål, og dette må ein i så fall koma attende til etter at ei ev. lovendring legg til rette for dette.

Framlegg til ulike variantar av vertskommunemodell og samkommunemodell var på høyring i 2005. Nye vertskommunemodellar vart lovfesta i 2006 (kommunelova §§ 28a-28k), men departementet ynskte meir erfaringar med samkommunemodellen (jf. forsøk med Innherred samkommune) før ev. lovfesting. Departementet viser til at det har skjedd mykje etter høyringa i 2005 og nemner m a samhandlingsreformen, at mange kommunar ser behov for å samarbeide på stadig fleire område, og at Midtre Namdal samkommune er godkjent som nytt forsøk.

I høyringsnotatet er samkommunemodellen oppsummert slik:

- Frivillig samarbeidsmodell bygd på avtale mellom deltakarkommunane.
- Samkommunen er eit nytt felles interkommunalt forvaltningsorgan som får sitt mynde overført frå deltakarkommunane.
- Samkommunen er ein eigen juridisk person.
- Samkommunestyret er felles overordna styringsorgan valt av og blant kommunestyra i deltakarkommunane (minimum tre frå kvar kommune).
- Samkommunen kan opprette underliggjande organ.
- Samkommunen skal ha eigen administrasjonssjef og eigne tilsette.
- Samkommunen er indirekte finansiert av deltakarkommunane.
- Deltakarkommunane heftar pro rata for sin del av samkommunen sine forpliktingar.

Hovudstyret i KS behandla saka 2.6.2010. Her går det m a fram at KS sitt prinsipielle syn er at lokaldemokratiet skal ivaretakast gjennom direkte folkevalde organ, at erfaringsgrunnlaget er for lite til å lovfeste samkommunemodellen no, og at det må haustast meir erfaring gjenom forsøk.

### **Vurdering:**

Høringsnotatet er på 117 sider. Det har naturleg nok ikkje vore mogeleg å gå inn på alle sider ved samkommunemodellen, og denne saka legg berre opp til at kommunestyret tek stilling til dei prinsipielle sidene.

Det er det viktig å ta med seg at modellen vil vera eit frivillig tilbod til kommunane; det er ikkje gjort framlegg om at staten skal få heimel til å gje pålegg om å bli med i samkommune.

Sjølv om det kan vera gode grunnar for at lokaldemokratiet i fyrst rekkje skal ivaretakast gjennom direkte folkevalde organ (jf. KS), viser det seg i praksis også å vera behov for indirekte valde organ. Indirekte val er hovudregelen ved oppnemning av styre, råd og utval i kommunane, og dette gjeld også for mange interkommunale samarbeidsløysingar.

Med mange etablerte samarbeidstiltak (og fleire er på tale), er det sjølvsagt etter kvart ein fare for manglande oversikt og manglande folkevald styring og kontroll. Mange av desse samarbeida (tilnærma alle?) kunne bli erstatta av ein samkommune innanfor ein og same modell.

Aktuelle i innvendingar mot samkommunemodellen er mogelege ekstra kostnader til samkommunestyret (og ev. andre organ oppnemnt av samkommunestyret) og samkommune-administrasjonen – dersom ein ikkje klarer å redusere (minst) like mykje på oppgåvene til folkevalde organ og administrasjonen i deltakarkommunane. Det kan også bli utfordringar for samordning mellom tenester som dels blir overført til samkommunen og dels blir att i kommunane.

Dersom ein er oppteken av å unngå kommunesamanslåing kan det også tenkjast at samkommunen under særskilte omstende kan vise seg å vera eit alternativ til (eller barriere mot) samanslåing. I så fall kan dette vera eit viktig argument for lovfesting av samkommunemodellen.

Departementet er oppteken av at høyningsinstansane gjev sitt syn på tre särlege punkt:

1. Om det bør opnast for samkommunar der både kommunar og fylkeskommunar er deltakarar.

### **Vurdering:**

Sjølv om det på einskilde område kan vera tenleg at kommunar og fylkeskommunar løyser oppgåver i samarbeid, er dette to ulike forvaltningsorgan.

Med store skilnader i geografi, storleik og oppgåveportefølje ser ein ikkje at samkommunemodellen vil vera noko tenleg reiskap for samarbeidsløysingar der både kommunar og fylkeskommunar deltek.

2. Om det bør stillast eit särleg krav til kommunane sitt vedtak om å vera med i ein samkommune.

### **Vurdering:**

Krav om t d 2/3 fleirtal kan bidra til at samarbeidet blir meir robust og ev. hindre fleirtal for

utmelding etter neste val, men kan også gje eit mindretal høve til å blokkere eit samarbeid som både andre kommunar og fleirtalet i vedkomande kommune går inn for. Alminneleg fleirtal er eit gjennomgåande prinsipp for vedtak i kommunane (jf. kommunelova § 35), og ein ser ikkje gode nok grunnar for å fråvike dette prinsippet når det gjeld vedtak om å vera med i ein samkommune.

### 3. Om ein samkommune kan eige aksjeselskap, interkommunale selskap m v.

#### Vurdering:

Når samkommunen skal vera eit eige rettssubjekt bør den i utgangspunktet også kunne delta i eller eige selskap m v. Ut i frå føremålet med samkommunemodellen og av omsyn til selskapsstyring og -kontroll er det likevel gode grunnar for å avgrense samkommunen frå å eige selskap.

#### **Framlegg til vedtak:**

Vang kommune meiner at samkommunemodellen i visse tilfelle kan vera ein tenleg modell for interkommunalt samarbeid, og støttar lovfesting av denne modellen som eit frivillig tilbod til kommunane.

Det bør ikkje opnast for samkommunar der både kommunar og fylkeskommunar er deltagarar.

Det bør ikkje stillast særleg krav til kommunane sitt vedtak om å delta i ein samkommune ut over alminneleg fleirtal.

Det bør ikkje opnast for at ein samkommune kan eige aksjeselskap, interkommunale selskap m v.

#### **Saka vart behandla i Kommunestyret 16.09.2010**

#### **KS-033/10 Vedtak:**

Som framlegget, samråystes.